



Nr 3, 2020

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen

Eit magasin frå Undheimkyrkja

Takk for maten,
Amen.



**Ny start for
ungdommene**
side 4 - 6

**Pilegrimstur
over Dovrefjell**
side 14 - 16

Kalender
side 19

TANKAR J TIDA

Eg veit korleis det er å ikkje få fisk. Begge gutane våre fiskar og dreg opp den eine laksen frå elva etter den andre. Eg har også prøvt meg, men enno har eg til gode å lande ein laks. Men eg har hatt laks på kroken. Då er det dobbelt irriterande når fisken slit seg.

Difor kjenner eg meg igjen då nokre av læresveinane til Jesus skulle prøve fiskelukka i Tiberiassjøen. «Den natta fekk dei ikkje noko», står det i Johannesevangeliet.

Det lysna av dag, og dei nærma seg stranda. Ikkje ein einaste fisk, og på stranda stod Jesus, men dei kjende han ikkje igjen. «Har de ikkje noko å eta, brna mine?» «Nei», svara dei. «Kast garnet på høgre sida av båten, då skal de få», sa han.

Å kaste ut garnet på lyse morgonen. Det er heilt uhørt for ein fiskar. Det er i den bekvarte natta fisken går i garnet. Og ikkje nok med det. Jesus sa at dei skulle kaste garnet ut på høgre sida av båten. Det var tydeleg at fiskarane kasta garnet ut på venstre sida. Og det forstår eg som er vaksen opp i fjøresteinane på Sunnmørskysten.

Høgre sida er styrbord på ein båt, der styreåra er festa. Det er ikkje plass til å kaste garnet frå denne sida.

Men læresveinane følgde rådet frå mannen på stranda. Dei kasta garnet frå høgre sida av båten og fekk så mykje fisk at dei ikkje greidde å dra garnet opp. Teksten i Johannes 21 fortel at då ein av læresveinane i båten sa «Det er Herren», hoppa Peter i sjøen. Han ville møte Jesus først. Dei andre kom etter. Då dei drog garnet i land var det 153 store fiskar. På land brann det eit bål. Fisk og brød låg på glørne. «Kom og få mat», sa Jesus til dei. Han tok brødet og gav det. Det same gjorde han med fisken.



Denne forteljinga har utfordra meg i sommar. Kjenner du også utfordringa i denne teksten? Kvar kastar vi våre garn? Skal vi drive arbeidet i kyrkja akkurat slik vi alltid har gjort det? Eller skal vi våge å kaste garnet, ikkje på andre sida, men på høgre sida slik Jesus seier.

Det er så lett å halde fram akkurat som før. Å kaste garnet på høgre sida er nesten å rekne som ein revolusjon. Tenk å bryte det vi alltid har gjort. Men det er Jesus som seier det. Læresveinane gjorde som Jesus sa. Og vi veit kva som skjedde.

Steinar Sandvik

møte:plassen

3 - 2020

15. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
GRAFISK UTFORMING:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373
4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto frå Pixabay.com



Min sang

**Ved Jesu føter ei stille stund
Når orda kjem frå hans eigen munn
Når eg med Jesus åleine er
då er det hugnad å leva her**

**Kvar fins ein fagrare stad på jord
Kvar høyrest visare sanningsord
Når eg med Jesus åleine er
då ynskjer eg ikkje meire her**

**Her må det tunge og vonde fly
Her vert eg alltid i striden ny
Når eg med Jesus åleine er
den største løyndom får løysing her**

**Så lat då koma kva koma vil
Eg veit den stad eg skal springa til
Der eg og Jesus åleine er
Kven kan då standa imot oss her**

**Og snart så kjem ho den stundi kjær
då eg skal sjå honom slik han er
Då eg med Jesus i himlen er
og talar saman som aldri her**

Magna Undheim treng ikkje tenkje seg om eitt einaste sekund. «Ved Jesu føter ei stille stund» har vore hennar song heilt frå barndommen.

– Songen har betydd så uendeleig mykje for meg, fortel Magna. – Då eg var liten song mor denne songen eller nynna på melodien når ho arbeidde i huset eller i fjøset. Eg vaks opp like ved Odlandkyrkja i Varhaug, og eg minnest så godt frå møte der vi song av full hals. Særleg minnest eg møta med John Olav Larssen.

– Du må aldri gløyme denne songen, sa mor. – Har du gjort noko gale, kan du kome til Jesus med det og han tek imot deg, eg er djupt takksam for tilgjevinga slik Matias Orheim seier det i songen.

Magna og mannen Tor Helge spelte mykje og song saman. Då var «Ved Jesu føter ei stille stund» mest alltid på programmet.

– Det er godt å ha ein Jesus å springe til, avsluttar Magna Undheim.

Matias Orheim skrev denne songen i 1908. Han har skrive ei rekke songar som vert mykje brukt.

Magna Undheim

EN NY START FOR UNGDOMMENE



Tekst: Kjellaug Wold

Foto: Eline Fosse

Stort frammøte og nesten fullt hus i kjelleren etter at UKUF startet opp igjen. Ungdomsarbeider Eline Fosse er svært fornøyd.

Rykende fersk startet vår nye ungdomsarbeider, Eline Fosse, årets første ungdomssamling med et smell.

God reklame om gratis pizza og en kul andaktsholder greide å trekke 45 ungdommer til Undheim kyrkje denne første UKUF-samlingen.

GODT SAMARBEID

Eline er svært fornøyd med det gode oppmøtet denne første samlingen. Mye av grunnen til at det kom så mange, var på grunn av god reklamering på konfirmantsamlingen onsdagen før. Eline er nemlig med i arbeidet med konfirmantene og har en gyllen mulighet til å bli kjent med ungdommene også her.

Med på laget har hun fått med seg Kornelia Gauksås og Beate Rasmussen. De har laget et styre og er klare for en ny start for UKUF denne høsten. I tillegg har hun et godt samarbeid med ungdomsarbeideren på Lye, Martin Berge. Sammen gjør de hverandre gode og kan være med på å få Lye og Undheim til å samarbeide. Det er godt planlagt at ungdomssamlingene er på forskjellige dager, slik at ungdommene kan få med seg begge deler.

Eline forteller også at Asle Steinbru, som jobber i stillingen Ung i Time, har vært god hjelp nå i oppstartsfasen. Han har kommet med gode tips og råd, og har også vært til god



UKUF

hjelp med å spre ordet om at UKUF skulle starte opp igjen. Det var han som hadde andakten denne første samlingen, og har sagt at han skal være med en del i oppstartfasen nå i høst.

Trioen Eline, Martin og Asle har vært så heldige at de deler kontor på Bryne. Her er det mye «lått og løje» og de trives godt. Sammen ønsker de å gjøre hverandre gode. Derfor er det nøye planlagt at de ulike møtene ikke er på samme tidspunkt. På den måten kan Undheim, Lye og Fotland reise til hverandre, på ulike dager. De har store drømmer om samarbeid med større arrangement, som for eksempel nyttårsfeiring og skiweekend. Men alt til sin tid, humrer Eline.

PLANEN FREMOVER

I første omgang er planen å fokusere på UKUF-samlingene på lørdagene og få ungdommer til å komme på møtene. Møtene skal fortsette som før, annenhver lørdag, samme helg som gudstjenestene. Det starter klokken 20.00 med mat og sosialt, etterfulgt av et møte og deretter spill, kiosk, leker og underholdning. Sluttidspunktet er satt til klokken 24.00.

I tillegg til å ha UKUF annenhver lørdag, ønsker Eline å prøve å få til en samling i uken. Dette skal være et lavterskel tilbud hvor alle er velkommen. Hva som skal skje på denne samlingen har ikke Eline bestemt seg helt for, men ser for seg at det skal være et tilbud til ungdommene hvor de kan samles og være sosiale. Etter hvert håper hun at dette kan utvikle seg til samlinger hvor de kan ha bestemte samtaletemaer.

NYTT UNGDOMSR rom

Noe som er nytt denne høsten, er at styret holder på å lage et nytt ungdomsrrom i kirkekjelleren. Det rommet som tidligere har blitt brukt som lagring av bord og stoler, skal nå bli til et helt nytt ungdomsrrom.

Her ønsker Eline å lage et koselig rom, med en god sofa og fine bilder på veggene. I tillegg skal det kjøpes inn en skjerm og Nintendo Switch. Her kan ungdommene komme og slappe av, prate og spille spill. Dette er noe styret tror kommer til å slå veldig godt an blant ungdommene.

SOSIALE MEDIER

Som ny ungdomsarbeider har Eline sett at en god mulighet for å nå ut til ungdommene er gjennom sosiale medier. Sammen med sin lillebror, Sigvart Fosse, lager de nå en ny logo til UKUF. Denne logoen skal brukes på de ulike sosiale mediene som UKUF har.

Eline har laget noen nye brukere til UKUF, mens andre har hun beholdt fra tidligere. Fra før har hun valgt å beholde instagramkontoen (@ukufofficial) og nytt fra denne høsten er TikTok (@ukuf) og en ny facebookside. Gjennom sosiale medier håper hun at hun kan dele informasjon, men også at ungdommene kan ta kontakt med henne.

ALLE HJERTELIG VELKOMMEN

UKUF er først og fremst for ungdommer på ungdomsskolen og videregående. Eline ønsker å nå ut til alle på Undheim og si at dersom det er noen som sitter hjemme og kjenner på at de vil bidra med noe så er de hjertelig velkommen til det. Enten om det er å være med å hjelpe å lage mat, være en voksen tilstede på samlingene, ha andakt, eller å være med



Beate Rasmussen har god kontroll på salget. Kunden er lillebror Roald.



å kjøre ungdommene fra Undheim til møter på Lye, så er styret i UKUF veldig takknemlige for all hjelp de kan få. Eline synes det har vært veldig kjekt å endelig komme i gang. Hun har vært litt nervøs for om det ville mulig å starte opp UKUF, med tanke på corona. Heldigvis er det nå fullt mulig for ungdommene å komme på møtene, dersom de passer på at alle retningslinjer blir fulgt. Hun er veldig spent på fortsetelsen, og håper at ungdommene vil fortsette å komme.

Planleggingen begynte hun allerede i vinter, og kan røpe at det mye spennende som skal skje på UKUF fremover. Til nå har hun rukket å bli kjent med mange fine folk, og gleder seg til å bli kjent med enda flere. Hun ønsker at hun gjennom UKUF kan nå ut til ungdommene og la dem bli kjent med Jesus.

I trappeoppgangen er det også godt å være. Fra venstre Teodor Tjåland Liverud, Anne Risa, Helle Risa og Inger Eikeland. Lotte Årdal framme til høyre.



Sokneprest May Brit Merland Arnø presenterte den nye ungdomsarbeideren Eline Fosse på gudstjenesten søndag 30. august. Foto: Hjalmar Arnø



Konfirmantar til neste vår

Søndag 30. august vart konfirmantane for dette skuleåret presenterte i Undheim kyrkje. Frå venstre: Eskil Tjåland, Even Vestly, Adrian Selbak, Nils Martin Geliassen Sikveland, Jesper Undheim Kartevoll, Gabriel Undheim, Trym Nathaniel Undheim, Belinda Sele Bore, Mona Wallentinsen og Isabella Holen Hellestø. Bjørg Undheim Rosland var ikkje til stades. (Foto: Hjalmar Arnø)

Nytt frå soknerådet

Soknerådet er veldig glade for at UKUF (Undheim kristelige ungdomsforening) nå er i gong, og det var ein fantastisk oppstart med over 40 ungdommar som var samla. Dei fleste var frå Undheim, men det kom òg ungdommar frå andre stader. Barne- og ungdomsarbeid er noko av det viktigaste me held på med. Det var ikkje bra at dette arbeidet låg nede eit helt semester. Det er derfor me har tilsett ungdomsarbeidarar, og me er villige til å ta på oss den økonomiske utfordringa det medfører.

ØKONOMI OG GJEVARTENESTE
Tilsettinga av ungdomsarbeidar gjer at me må fokusera på gjevarteneste og økonomi framover. Heldigvis opplever me at fleire i kyrkjelyden ser dette. Den faste gjevartenesta har gått noko opp. I mars, april og mai var snittet på gjevartenesta

23.600 kr, mens snittet i juni, juli og august var 27.200.

Takk til alle de som er med og bidreg til dette. Dette er viktig både for ungdomane våre, for Undheim og for kyrkja vår. For at me ikkje skal gå med underskot i åra framover, treng me at givartenesta ligg på 35.000 á månaden. Hovudutgiftene våre går til å ha prest i full stilling, og barne- og ungdomsarbeid. Me sett òg pris på om de kan vera med og be for Undheim og arbeidet vårt!

ARBEIDET VÅRT

Heldigvis kan me nå halda **gudstenester og møter**. Avstanden mellom oss må vera litt større, og me må registrera oss når me er med på møta, men elles er det mykje som er som det var før 12. mars. Dei fleste av aktivitetane våre har starta opp igjen. I kalenderen på www.undheimkyrkja.no kan du sjå

kva som skjer framover.

I vår hadde me eit **bøne- og lovsongsmøte**. Dette opplevde me så fint, at me har sett opp tre slike møte nå i haust. Det er to igjen av desse: 14.oktober. og 11. november. kl. 19.30. Bli gjerne med på dei.

Med dei avstandsreglane me har nå, får me ikkje til å samla alle på ein gong når me skal ha konfirmasjonar, Vi syng jula inn og julegudsteneste. I haust set me derfor opp to **konfirmasjonsgudstester på same dag**,

Vi syng jula inn blir til ein songgudsteneste kl. 10.30 der me har ekstra fokus på song, og på **julaftan** blir det to gudstenester: ein kl. 14.00 og ein kl. 15.30.

HAUSTTAKKEFEST

– Du er eineståande

– Gud har skapt deg, Antonette, sa May Brit Merland Arnø då ho avslutta talen på hausttakkefesten. – Du er heilt unik. Ingen er lik deg, du er eineståande.

På stolen attmed stod Antonette med handa trygt i far Jakob si hand.

Denne dagen hadde presten leita fram flanellografen for å formidle korleis Gud skapte jorda og alt levande, og mennesket den sjette dagen.

Det var familiegudsteneste i Undheim kyrkje søndag 13. september. 2-åringane med foreldre og søskjen var inviterte til kyrkje for å få ei gáve frå kyrkjelyden.

Trusopplærar Ragnhild Hanssen fortalte at 2-åringane skulle få ein CD med nyskrivne songar frå Søndagsskulen.

Toåringar lærer mykje gjennom song, rytme og leik. Difor har kyrkjelyden ønskt å gi 2-åringane ein sang-CD.

Men også andre deltok på gudstenesta. Det var ei gruppe frå Supermix som kom inn i prosesjon og levande formidla songen «N-Å-D-E».

Dessutan hadde Bygdekvinnelaget krona høgtida med vakker pynting til hausttakkefesten.



Deler av Supermix syng ut at N-Å-D-E er nok. Framme frå venstre Neah Good, Inger Alida Tjåland Liverud og Nikoline Norås. Bak frå venstre Sarah Kommedal, Tora Eikeland, Floortje Gerritsen og Rudi Aardal.



– Antonette Aardal er heil unik,
seier prest May Brit Merland Arnø.
Til høgre far Jakob Aardal.



Trusopplærar
Ragnhild Hanssen og
prest May Brit Merland
Arnø deler ut CD til
2-åringane. Framme frå
venstre
Grete og Enevald Aardal,
Linda Maria og Tuva
Undheim, Ragnhild
Hanssen. Bak frå venstre
Johannes og Alfred
Bjelland, Runar og Ada
Naterstad, Elisabeth og
Viktoria Norås, Jarle og
Johan Kartevoll,
May Brit Merland Arnø og
Tage Good.



Gudrun Tunheim (t.v.) og Grethe
Osland og andre frå Bygdekvinnelaget
stod for pyntinga av kyrkja på Haust-
takkefesten søndag 13. september.



Har mange jern i elden

Kjell Børge Tjemsland har sluttat som prost i Jæren. 30. august var siste tenestedag. Han ser føre seg eit aktivt pensjonistliv.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

– Eg er son til ein smed, smiler Kjell Børge Tjemsland som vaks opp på Sandnes. Og no har han flytta heim til huset han og kona Astrid har på Bogafjell. Nokre av planane for pensjonistlivet er klare, andre reknar han vil leggje seg til rette etter kvart.

KLØR I FINGRANE

– Eg er så heldig at eg har arva ei esse. Planen er å lage ein liten verkstad. Hadde eg ikkje blitt prest og misjonær, hadde kanskje yrkesvegen blitt som far, smed. Praktisk arbeid trivst eg med, særleg når eg kan skape ting. Slik sett håper eg å bere litt av arven frå far vidare, men berre på hobbybasis.

I ledige stunder har Kjell Børge arbeidd både med tre og metall. Ofte er utgangspunktet ting han finn i naturen – noko han kan forme til mellom anna pyntegenstandar.

– Eg har alltid hatt fingrar som klør litt. Mellom anna har eg vore med i ei gruppe som har drive med ulikt hobbyarbeid. Mellom anna har vi laga knivar, smidd stålet og forma knivskift.

VIKARPREST

Sjølv om Kjell Børge har flytta frå prestegarden på Time, håper han å kome tilbake av og til som vikarprest. Som prost i Jæren veit han godt at det ofte er behov for vikarprestar. Så pensjonistlivet vert ei blanding mellom vikarprest og engasjement i kyrkja på Bogafjell.

– For meg er det viktig å engasjere seg i lokalkyrkjelyden, slik eg gjorde det før eg vart prost i Jæren. Dessutan bur to av barna våre i utlandet. Dei ønskjer vi å følge litt nærmare, slik vi kan med dei to som bur i nærleiken. Dessutan har vi hytte på Lindesnes – ein plass vi trivst godt på.

Kjell Børge Tjemsland fylte 67 år 30. august og vart pensjonist to dagar seinare, 1. september.

KALL TIL TENESTE

I heile sitt yrkesaktive liv har Kjell Børge arbeidd innan misjon og kyrkje.

– Eg skulle bli prest eller misjonær. For meg det alltid vore ei og same sak. Kallet til teneste forma seg ganske tidleg. Eg var aktiv med på bedehuset Elim, men også i

Høyland kyrkje. Heime hadde vi ulike misjonsblad, og mor var aktiv i Santalmisjonen. Eg hugsar eg sat på fanget til mor og fortalte at eg skulle bli misjonær når eg vart stor. Far hadde nok håpa at deg ville ta over smiå, men han velsigna mitt val.

FANN EKTEFELLE

Etter gymnaset var Kjell Børge sikker på at han skulle starte teologistudiar ved Misjonsskolen i Stavanger (seinare Misjonshøgskolen), men han hadde mest lyst på eitt år ved ein folkehøgskule først. Og slik vart det sjølv om han vart råda til å starte på misjonsskulen straks. Dermed vart det eitt år på Sagavoll. Der trefte eg Astrid.


Begge hadde vi kall til misjonsteneste. Året etter byrja eg på Misjonsskolen og Astrid på lærarskulen i Kristiansand. Det vart eit par år med mykje brevskriving før ho flytta over til Stavanger og fullførte lærarutdanninga der.

MISJON

Saman reiste dei til Hongkong, utsende av Det norske misjonsselskap. Etter 11,5 år var dei tilbake i Norge. Då hadde Kjell Børge fått stilling som prest i Gand, først kapellan, seinare sokneprest. Etter åtte år byrja han som misjonskonsulent ved Bispedømmekontoret, og nye åtte år gjekk før han vart prost i Jæren frå 24. mai 2009.

RELASJONAR

– Eg tenkte vel først og fremst på stilling som sokne-



Kjell Børge Tjemsland sluttat som prost i Jæren frå 1. september. Her er han klar til utpakking frå kontoret.

prest, men så vart det prost i staden. Det har vore ei rik tid med ansvar for 12 sokn i Time, Gjesdal, Klepp og Hå. I tillegg har eg også vore prost for fengselsprestane på Åna og i Stavanger. Som prost har eg ikkje hatt spesielt ansvar for ein kyrkjelyd, men har hatt mest teneste i kyrkjelydane Time, Lye og Bryne, og har ofte stilt opp som vikar. Ikke minst har eg hatt personalansvar for alle prestane i Jæren og ansvar for administrasjon i prostiet.

Kjell Børge legg til at han nok kjem til å sakne den nære menneskelege kontakten og relasjonane med tilsette. For meg har det vore ei god oppleving å møte dei tilsette – noko som har betydd svært mykje for meg. Men det gjeld også møtet med mange dyktige frivillige i dei ulike kyrkjelydane.

– VIL DET BESTE

Undheim er ein av kyrkjelydane på Jæren Kjell Børge

har hatt god kontakt med.

– Eg opplever at kyrkjelyden på Undheim vil noko som er det beste for heile bygda. Kyrkjelyden her ønsker å tenke nytt og inkludere nye i fellesskapet. Folk her er stolte av bygda og står saman. Eg kjenner litt på det same frå tida i Gand då eg hadde kontakt med Malmheim-bygda, seier Kjell Børge og legg til at han har blitt glad i Undheim, ei bygd han opplever vil noko og står på. Han legg til at han kjenner på stor glede og takk når han tenker på arbeidet på Undheim.

TAKK

Kjell Børge Tjemsland kallar seg sjølv ein relasjonsmann. – For meg har det vore utruleg rikt å treffe engasjerte tilsette og frivillige. Eg ønsker å seie ein stor takk til alle eg har vore saman med. Dei gode samtalaane med enkeltmenneske har gitt med mykje. Skal eg summere åra her, er det eitt ord som står att: TAKK.

Helsing frå Tsjekkia

«Vi veit at alle ting tener til det gode for dei som elskar Gud, dei han etter sin frie vilje har kalla.» (Rom 8, 28)

– Denne sommaren har vi verkeleg kjent sanninga i desse orda frå Paulus, skriv Terry English frå Tsjekkia i helsinga til Undheim kyrkjelyd. – Korona-pandemien har ført til både smerte og splitting for mange samfunn, men også vore til velsigning for oss. Familien vår har aldri vore så mykje saman som dei siste månadane.

– Eg har fått vere med på ein leir, ikkje som leiar, men som frivillig. Det var høgdepunktet for meg. Her fekk eg vere frivillig med unge leiarar som har blitt trenar av leiarar som eg for mange år sidan underviste. Ein sa til meg sjølv at eg no opplevde såkorn frå frukt eg sjølv hadde planta.

Hanka fortel at ho aldri har opplevd leiarar med så djupe samtalar om meining, fellesskap og ein stad å høyre til.

– Gud har vore nær og talt til tørste ungdommar, skriv Hanka.

Ho har fire høgdepunkt frå leiren:

1. Sammy og Misa spelte begge på avslutningskonserten. Sammy på trommer og Misa på piano. Det smelta eit morshjarte. Sammy har



slutta med fiolin-timar og vil heller bruke meir tid på sport.

2. For første gong på lenge har Terry og eg vore på same leir, og for vår eiga kyrkje.

3. Å hjelpe tenåringar å finne sine sterke sider og vekse og blomstre, er noko eg brenn for. Det har vore ei oppmuntring å sjå korleis ungdommar har vakse dei tre åra vi har hatt kontakt med dei.

4. Seks personar har kome til aktiv tru og er no ein del av ei bibelgruppe. Vi opplever at mange lengtar, og det er viktig at vi held fram med såarbeidet.

Hanka og Terry fortel også om ei stor glede då fem personar vart døypte. Mange tok del i dåpen, både unge og vaksne søkjrar. Det var ein perfekt start på sommaren. Etter leiren pakka familien English

bilen og hadde ei vekes campingferie i Kroatia. Det var ei god og avslappande veke, men ei veke var nok. Heime i Tsjekkia var dei klare for den andre delen av ferien; ei veke med kanopadling saman med tre andre familiær.

Etter ferien er familien tilbake i Ostrava.

I helsinga uttrykker Hanka og Terry ein varm takk omsorg og for støtte.

– Bønn er ein viktig del av støtta frå Undheim. Viktige bønneemne er:

- Takk for leiren i sommar, at ungdommar får høyre evangeliet og kome til tru.
- Be for dei nye truande – at deira tru må bli styrka.
- Be om visdom for framtida.
- Be for dei som var på leir på slutten av sommaren.

Utevigsel og dåp på Tjåland

Laurdag 20. juni hadde eg gleda av å vera med på utevigsel og dåp på Tjåland. Koronatider gjev moglegheit for å tenka nytt og fleksibelt. Og denne dagen var ramma for bryllaupet til Torunn Tjåland og Ole Erik Aulstad så nydeleg som det går an, heilt nede ved Tjålandsvatnet.

Og så letrørt som eg er, sleit presten maksimalt med å halda tårene i sjakk, då brura i nydeleg brurekrone kom gåande i lag med faren og gutane mellom trea. Med vatn frå Tjålandsvatnet vart yngsteguten, Vetle, lagt i Guds hender og tatt inn i Guds store familie. Eit minne for livet for både prest, familie og vener. May Brit M. Arnø



Vigsel Tjåland. Torunn Tjåland og Ole Erik Aulstad gjev kvarandre sitt ja nede ved Tjålandsvatnet. (Foto Casey Arneson)



Dåp Tjåland. – Kva heiter barnet? spør prest May Brit M. Arnø. Vetle kvilar trygt og godt i mor Torunn sine armar og storebror får med seg alt som skjer. (Foto Casey Arneson)



Å TENNE ET LYS ER EN BØNN:
NÅR VI ER GÅTT, LYSER DET FREMDELES
TIL HJELP FOR HJERTE OG SINN HOS DEM VI HAR
BEDT FOR,
FOR DEN SOM ER TRIST, FOR DEN SOM ER SYK,
FOR DEN SOM LIDER,
– MEN OGSÅ BØNNER AV TAKKNEMLIGHET.

Å TENNE ET LYS ER EN LIGNELSE:
NÅR DET BRENNER NED
GIR DET LYS TIL ANDRE.
JESUS GAV SEG SELV FOR ANDRE.
HAN KALLER OSS TIL Å GI AV OSS SELV.

Å TENNE LYS ER ET SYMBOL:
FOR KJÆRLIGHET OG HÅP,
LYS OG VARME.
DETTE ER HVA VERDEN TRENGER.

EN BØNN FRA KATEDRALEN I SALISBURY, ENGLAND.
TIL NORSK VED LARS HANA.



Døypte i Undheimkyrkja

20. juni på Tjåland



Vetle Aulstad

12. juli



Ingrid Fischaa Norås

16. august



Erling Kartevoll

21. juni



Marta Taksdal



Mathias Sund Taksdal



Jakob Helland



Dåpskjole til gratis utlån
På kyrkjekontoret på Bryne
er det ein dåpskjole til gratis
utlån. Kjolen er over 100 år
gammal og har 4 forskjellige
luer i ulike storleikar.
Kyrkjekontoret ordnar
reingjering, så for dykk som
treng dåpskjole er det berre
å henta og levera.
Ring 51 77 03 77
adr. Erlandsbakken 6.



Vetle Undheim

KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø 467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandmark 996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland 913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten 908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland 489 97 102
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland 913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen 51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland 401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø 980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel:
Time kyrkjekontor:
måndag - fredag: 09:00 - 14:00

51 77 03 77

Bøn og forbøn

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon,
eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit
forbedar-team på 6 personar som vil be for
situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi
har teieplikt. Send SMS eller ring
Tordis Sandvik 915 72 880 eller
Hanne Brit Sandmark 996 26 157

Pilegrimstur over Dovrefjell

Tekst og foto: Steinar Sandvik



Klar til vandring frå Pilegrimssenteret på Hamar. (Foto: Reidun Gudmestad)

Etter vel 290 kilometer gjennom Gudbrandsdalen og over Dovre var det berre ei lita kneik før målet, Eysteinkyrkja på Hjerkinn, nesten 1000 meter over havet.



I Eysteinkyrkja fekk vi god mottaking og stempel i Pilegrimsportføret. 14 dagar vandring var over, men vi kunne lett ha vandra vidare mot Nidaros.

I det lyse og opne kyrkjerommet var det tid til lystenning, ei stille stund til bønn og ettertanke, og song. Tonane og teksten frå Laudate fylte

rommet – for oss fire pilegrimane frå Jæren vart det ei kjenslelada avslutning der det var vanskeleg å halde tårene tilbake. Ei avslutning i djup takksemd for «Hans nåde varer evig, hans miskunnhet er stor».

Dei fire vandraranne var Reidun Gudmestad, Ola Undheim, Tordis Sandvik og Steinar Sandvik.

ETTERTANKE I STILLE

Under vandringa var det fleire stopp med song, både innandørs og i friluft. Men det var lite pilegrimar denne korona-sommaren. Difor var og mange av kyrkjene vi ønskete å besøkje stengde. Men det var aldri vanskeleg å samle seg til ei stille stund der vi delte tekstar frå Ray Simpson sin bok «Fra hodet til hjertet», ei bok der kvar tekst har ein refleksjon over ein bibeltekst med spørsmål til ettertanke, og ei bønn med forslag til handling.

Kvar dag las vi frå boka, og då var det naturleg å vandre vidare i stille med eigne tankar til utfordringa teksten gav oss og ikkje minst god tid til vandring i bønn. Slik var



Ola og Tordis stemmer i med Laudate på Kjørkehaugen ved Tretten. Her var det kyrkjestad på 1300-talet.

pilegrimsvandringa ikkje berre ei naturoppleving, men også ei åndeleg oppleving.

Ikkje langt frå Tretten, på ein haug står det restane av ei kyrkje midt i pilegrimsvegen. Her var det benkar og eit steinaltar. Tordis og Ola stemde i med Laudate, men det var berre to som fann seg plass på dei harde trebenkane. Likevel fekk vi ei fin stund, og vi tok med oss minnet frå kyrkjetuftene på Kjørkehaugen der den første steinkyrkja vart bygd på 1300-talet.

VELSIGNA VER

Vi var sjølvsgått spente på veret. 14 dagar på vandring midt på sommaren kan by på både dårlig og godt ver. For vår del var vi meir enn heldige. Regnkleda låg for det meste i sekken, men ein dag måtte regnkleda på. Det var etappe to frå Brumunddal til Steinsvik camping. Før Rudshögda måtte regnkleda på og det vart ganske mykje regn fram til Rudshögda der vi heldigvis fekk ein god pause under tak med kafemat.



Ikkje så mange på kyrkjebenkane, berre Reidun og Steinar. (Foto: Tordis Sandvik)

Også gjennom Prøyssen sitt rike var det litt regn, men seinare skein det opp. Og sidan var det berre sporadiske regnbøyer, rett nok ein dag med styrtregn i nokre minutt, men vi fekk knapt på oss regnkleda før regnet var slutt.

Både ullklede, vottar, varme ytterklede og gode hovudplagg var med på reisa austover. Vi kunne risikere både kulde og i verste fall frost på høgfjellet. Nokre av oss la det meste att før vi starta og tok sjansen på at veret heldt. Og veret heldt sjølv om grdestokken viste rundt 7 grader nokre morgonar vi starta.

OVERNATTINGAR

I god tid før avreise frå Jæren hadde vi bestilt alle overnattingar for dei 14 dagane. Nokre overnattingar hos familie, men dei fleste på campingplassar, pilegrimsherberge og ein par på hotell.

Dagsetappane var nøyne planlagde. Ikkje alle overnattingsplassar var opne på grunn av lite besøk og koronasituasjonen. Difor kunne lengdene på etappane variere frå rundt 15 kilometer til vel 29 kilometer. I snitt låg etappene på 20 kilometer.

Standarden varierte, men jamt over var det godt. Ein plass hadde vi papirsengklede, andre plassar flotte oppreidde senger, men det var stort sett berre dei tilsette på plassane som skulle gjere sengene klare – med nokre få heiderlege unnatak.

Langs pilegrimsvegen er det mange som driv med utleige til overnatting. Vi vart tekne imot av gilde folk som gjorde alt dei kunne for oss. Ofte hadde vi bestilt både middag og frukost på førehand. Jamt over var det svært godt matstell der vertskapet var opptekne av lokale mattradisjonar. Men ikkje alle plassar kunne servere mat. Då måtte vi handle inn sjølve, særleg var det aktuelt til frukost og nistepakke på turen. Då var det å handle inn det vi trong på den lokale butikken, og frukostenbordet var gjerne ein trebenk og eit bord utanfor ein butikk.

Etter dagsetappar på 8 timer, ofte meir, var det utruleg godt å kome fram. Ein varm og god dusj gjorde underverk



på slitne føter, rygg og hovud. Ein god middag etter ei kvilestund fylte kroppen med nye krefter, og ikkje minst ei natt med god sovn gjorde oss klare til nye kilometer neste morgon.

På Furuhaugli, ein av dei siste overnattingstadane, var velkomsten dei kloke orda «Et lite sted, en håndfull fred....». Ord vi tok med oss på vegen vidare og heimover.



Tidleg frukost ved daglegvarebutikken på Kvam.
Frå venstre Ola Undheim, Reidun Gudmestad, Geir Bjarte Thaule og Tordis Sandvik.

BAKKE OPP OG BAKKE NED

Kva så med sjølve pilegrimsvegen, terrenget vi vandra i? Vi hadde nok kanskje venta at det var litt flatare opp gjennom Gudbrandsdalen, men der tok vi feil. Langs elva Gudbrandsdalslågen var det flatt og godt, men vi skulle opp dalsidene og ned igjen for å klatre oppover igjen. Vi vandra gjennom tette og mørke skogar, langs kornåkrar og etter kvart meir grasproduksjon til lengre nord vi kom.

Underlaget var ofte skogsstiar eller landbruksvegar. Godt for føtene å trø i slikt terren, men vi streva oss framover på asfalterte vegar også. Dei monotone vandringane på asfalt var utan tvil det som krevde mest sjølv om ikkje bakkane var særleg bratte. Heldigvis varierte det litt med



vanleg grusveg. Det mest krevjande var likevel å klatre opp og ned steinurer og dei brattsaste nedstigningane. Heldigvis vart det ingen skadar, anna enn sporadiske angrep frå mygg og klegg.

GILDE MØTE

Kvar år går det ofte flokkar som vandrar den mange hundre år gamle Pilegrimsleden frå Oslo til Nidaros. På vår vandring frå Hamar til Hjerkinn møtte vi i 7-8 pilegrimar, og vi var dei einaste pilegrimane på fleire av overnattingsplassane. Til vanleg er det 80% utanlandske vandrarar, vi møtte berre ein som kom frå Nederland. Men leden var godt merka, og det var stort sett ikkje problem med å finne vegen sjølv om det på nokre plassar var temmeleg overgrodd.

Dei få pilegrimane vi møtte, kom vi oftast i god kontakt med. Det var treffpunkt med gode samtalar, anten vi delte eit måltid saman på ein liten kafe eller vi rasta ute i terrenget.

Men oftast var det oss fire som vandra saman og kjende både på godt fellesskap og rike opplevingar.

Ein heil dag og lit til gjekk vi saman med nederlandske Geertje Preuter. Ho hadde vandra i mange land, både Peru, Japan og i Nepal. Men aldri hadde ho opplevd maken til natur som her i Norge. Medan vi vandra oppover mot Dovrefjell, vart beundringa berre større og større sjølv om bakkane var både bratte og lange. – Hit ville ho tilbake, sa ho då vi skilde lag like før vi nådde Hjerkinn, vår endestasjon for turen.



Her er alle fire samla ved minnesmerket til Prillarguri på Otta, klare til ein ny vandringsdag. (Foto: Geir Bjarte Thaule)

Open kyrkje onsdagar

Våren og sommaren som ligg bak oss har på mange måtar vore krevjande og mykje av det me har vore gjennom ynskjer me ikkje å oppleva igjen. Men noko har kanskje vore bra for oss og? Meir tid i lag med familien, litt rolegare dagar, tid til å kvile og slappe av og puste litt med magen igjen.

For meg som prest på Undheim vil denne tida alltid stå som ei god tid. Ei tid der eg kunne vere til stades i bygda, ha open kyrkjedør og mykje tid til å vera tilgjengelig for folk.

Eg ynskjer å ta vare på desse positive erfaringane og videreføre noko av dette. Eg ynskjer at døra inn i kyrka skal vera open, at terskelen for å koma inn skal vera låg, og at eg som prest kan vera ein medvandrar og samtalepartner for deg når livet går litt i motbakkar. Difor satsar eg på å bruke onsdagen som fast kontordag i kyrkja. Tidsramma vil variere litt fra veke til veke, på grunn av ulike møte og arrangement. Eg vil som før nytt den kvite info-bukken og sette den langs vegen når kyrkja er open. Då er du velkommen inn! Til å tenne lys, slå av ein prat eller berre sitje i kyrkjerommet ei tid.



– Her er ei open dør. Velkommen inn, seier prest May Brit Merland Arnø. (Foto: Steinar Sandvik)

Velkomen til MEDARBEIDARFEST

13. november 2020 kl. 19.00 vert det medarbeidarfest i Undheim kyrkje.

Dei som er tilsett i Undheim kyrkjelyd ønsker å møta og takka alle de som er med og tek ansvar for kyrkja sitt arbeid på Undheim.

Du som ber for kyrkjelyden, har ei teneste, støttar økonomisk, eller har vore med i noko av dette, eller ønsker å bli med, er invitert. Me vil ha mange med i dette fellesskapet, og me vil at det skal vera ein god stad å vera!

Det blir servering og underhaldning. Påmelding skjervida nettsida vår (er det vanskeleg for deg, kan du senda ei sms til 48997102 der du skriv kven som melder seg på, og evt matallergiar).




Meld deg på! Opplev ein herleg kveld!

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn namn på 10 edelsteinar!


I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to biletet er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 2208 71 00

VITSAR

- Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
- Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
- Korleis då?
- Ho var den einaste som ville ha meg.

- Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
- Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg sov.

KALENDER

BABYSONG

Babysong annakvar onsdag
kl. 10.30-11.00.
(oddetalsveker, følgjer skuleruta)
Stad: Undheim kyrkje
Alder: 0 – 1 år

SUNDAGSSKULE

11. oktober
8. og 22. novamber
Velkommen til søndagsskule kl. 11.00.
Mogleg for store og små og først koma
til gudsteneste kl. 10.30.

OPEN BARNEHAGE

Kvar onsdag, fylgjer skuleruta.
kl. 10.00 - 12.00

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix inneheld korøving med andakt og hobbylaging i kjellaren.

20. oktober

3. og 17. november

1. og 8. desember (Ekstraøving)

Tid: Kl 17.00 - 18.00

Stad: Undheim Kyrkje

Alder: Frå 4 år og oppover

OPEN KJELLAR

Clubb for gutar og jenter med aktivitetar, andakt, spill og kiosk.

Møtes fredagar i kyrkjekjellaren

2. og 23. oktober,

4. desember

Tid: Kl 19.00 – 21.00

Stad: Undheim Kyrkje

Alder: 5. – 7. klasse

UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.


Dato: **13. og 27.** oktober

10. og 24. november

Tid: Kl 19.00 – 20.15

Stad: Frammøte på Undheim skule

Alder: 4. klasse og oppover



GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

- | | |
|--------------|-----------------------------------------|
| 11. oktober | Dåp/nattverd |
| 25. oktober | Familiegudsteneste/Lys Vaken/nattverd |
| 8. november | Dåp |
| 22. november | Nattverd |
| 6. desember | Familiegudsteneste/4-åringar/dåp |
| 13. desember | Songgudsteneste |
| 24. desember | Familiegudsteneste kl 14.00 og kl 15.30 |
| 26. desember | Høgtidsgudsteneste/nattverd |

«LAUST OG FAST»

Onsdag 21. okt.: Marit Staveland fortel frå mora, Åslaug Rommetveit si dagbok. Terje Vold leier oss med inn i sanggleda.
Onsdag 18.nov.: Arnfinn Vigrestad fortel frå oppveksten og tida i politikken. Kulturskuleelevar vert med.
På grunn av korona vert samlingane oppe i kyrkjesalen frå kl.14.00 – 16.00.
Hjarteleg velkomne pensjonistar, og andre som tida høver for.

BØN OG LOVSONG

- | |
|------------------|
| 14. oktober |
| 11. november |
| Kl 19.30 – 21.00 |
| Undheim kyrkje |

HANDARBEIDSTREFF

- | |
|-----------------------------------------|
| 26. oktober - samf.huset |
| 23. november - kyrkja |
| 8. desember - juleavslutning samf.huset |
| Kl 20.00 – 22.30 |

STOL PÅ HERREN

AV HELE DITT HJERTE,

STØTT DEG IKKE TIL DIN EGEN INNSIKT!

TENK PÅ HAM HVOR DU ENN FERDES,

SÅ GJØR HAN STIENE DINE JEVNE.

ORDSPR. 3, 5-6

DIGITAL TRUSOPPLÆRING

Me anbefalar alle å abonnere på youtube-kanalen «Den norske kyrkja i Time» og følgje Undheim kyrkje og/eller Trusopplæringa i Time og Undheim på Facebook.
Og så håpar me sjølvsagt at de kan dele filmane med borna.

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
Høiland & Tveit BetonEntrepreneur		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer	UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 NOVA BEGRAVELSESBYRÅ 51 61 04 00   Hanne Brit Sandmark og Mayfrid Hersdal www.novabegravelse.no
 Byggmester Ståle N. Sikveland	<p>Ledig annonseplass Vil du støtte Møteplassen med kr 2.000,- pr år, og få annonsa di på baksida av 4 blad årleg? Annonseinntektene betyr veldig mykke! Ta kontakt med dagleg leiar Frode Skårland tlf.: 489 97 102 e-post: frode.skarland@timekyrkja.no</p>	
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig
 Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS